



Stord kommune
Postboks 304
5402 STORD

Dato: 26.11.2015
Vår ref.: 2014/22195-3
Saksbehandlar: ingedva
Dykkar ref.:

Nytt kollektivknutepunkt i Leirvik sentrum

Lokalisering av nytt kollektivknutepunkt i Leirvik har vore ein lang prosess, som har vore tema i mange planar i Stord kommune.

Fylkesdirektør for samferdsel viser til vedtak i formannskapet 11.11.2015 i sak om å plassere kollektivknutepunktet i Leirvik sentrum til vestsida av Sævegen.

- 1. Formannskapet meiner kollektivknutepunktet i Leirvik sentrum inntil vidare skal vera på kaien som i dag.*
- 2. Spørsmålet om plassering av kollektivknutepunktet i sentrum vert å koma attende til ved rullering av kommunedelplanen / sentrumsplanen for Leirvik. Formannskapet kjem attende til løyving til planarbeidet i budsjett for 2016.*
- 3. Formannskapet legg til grunn at Skyss tek kostnadane med opparbeiding av arealet til nytt kollektivknutepunkt.*

I arbeidet med reguleringsplan for miljøgate Vabakkjen – Ådland Bru(miljøgateplanen) har det vorte innarbeidd eit forslag til framtidig lokalisering av kollektivknutepunkt i Leirvik. Eg ber om at forslaget til lokalisering av knutepunktet som ligg føre i rådmannen si tilråding i saka av 11.11.2015 vert tatt med vidare i prosessen fram mot endeleg reguleringsplanvedtak. Dette for å sikre at det finst eit planavklart og raskt realiserbart alternativ til lokalisering av kollektivknutepunktet i Leirvik sentrum. Fylkesdirektør for samferdsel vil peike på at sjølv om dette vert regulert som ein del av miljøgateplanen så er det ikkje ein utbyggingsplikt for tiltaket.

Gitt at Stord kommune ikkje tar inn dette alternativet i miljøgateplanen bør kommunen i dialog med fylkeskommunen rask komme opp med ei langsiktig løysing for kollektivknutepunktet i Leirvik som kan innarbeidast i Stordpakken. Hordaland fylkeskommune har ei klår forventning om at nytt kollektivknutepunkt i Leirvik vert eit sentralt kollektivtiltak som bør finne si løysing innafor rammene av Stordpakken.

Fylkeskommunen vil på vanleg måte komme attende med uttale til miljøgateplanen når den vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Inge Edvardsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen Region Vest